

LOV OG EVANGELIUM

Oppbyggelig blad gitt ut av Norsk Luth. Lekmannsmisjon

Nr. 3

Juni 1970

6. årgang

Kjenner du Jesus?

I Jesus sin avskilstale til læresveinane sinea sa han til dei: Lat ikkje hjarto dykkar uroast! Tru på Gud og tru på meg! Så fortalte han dei at han ville gå bort for å stella til ein værestad åt dei. Sidan ville han koma att og henta dei til seg, så dei skulle vera der han var.

Då er det at Tomas seier til han: Herre, me vei tikkje kvar du gjeng av, korleis kan me då vita vegen? Jesus svara: Eg er vegen, sanninga og livet. Ingen kjem til Faderen utan gjennom meg. (Johs. 14, 1–6).

Dette ordet frå Gud kom til meg ein kveld eg kom heim frå eit møte. På det møte var det tala mykje om synd, og om ein kjærleg Gud som tilgir synd. Mens eg sat og tenkte på dette kom Jesu ord til meg: Ingen kjem til Faderen utan *gjennom meg*. Gjennom Kristus, stedfortredaren, mellommannen, som kom i kjøt og blei ein av vår slekt. Han som blei ei soning for alle våre synder og oppreist til vår rettferdigjering.

Kjenner du denne Jesus? Han som strauk ut skuldbrevet, det som var skrive med bodord, som vitna imot oss, og rudde det undan med di han nagla det til krossen. Han som avvepna maktene og overrådene og synte dei openberleg fram, då han viste seg som sigerherre på krossen. Kjenner du denne frelsaren? Det er det evigelivet å kjenna han!

Gud er i sanning ein kjærleg Gud, som tilgir all synd og misgjerd. Men det er berre ved Jesus, han som blei såra for vore brot og sundbroten for våre synder. For Gud er ein

heilag Gud, som er vred på all synd og urettferd. Korleis kan me då møta ein heilag Gud som krev heile lova oppfyllt? Me som er ureinne i tankar og ord, «frå hode til fot, hjertets innerste rot, kun en eneste masse av synd». Alt blei øydelagt i fallet, så Jesus seier om denne slekta: *De som er vonde*.

Korleis kan då me bli frelst? Jau, høy her! Det som var umogeleg for lova, av di ho var maktlaus på grunn av kjøtet, det *gjorde Gud*, då ha nsende sin eigen Son — Jesus (Rom. 8, 3). «Gud er ikke lenger vred, det kan vi derav vite, at han har sendt sin Sønn her ned for verdens synd å lide.» I Koll. 1, 13 står det: I han har me utløysing, forlating for syndene.

Det er godt å vita at Jesus ikkje lenger ligg i grava. «Men i hans grav i haven, där er min synd begraven, til evig skjul og gjemme, hvi skulle jeg meg gremme.» Jesus sit i dag ved Faderens høgre hand, og syner seg for Guds åsyn i min og din stad. Og Gud er fornøygd med Jesus, berre Jesus. I våre augo og vår tanke synest me det er alt for lite med berre Jesus, utan noko frå vår sida. Men fo! Gud er ikkje Jesus og hans verk — berre. Jesus er den reine, rettferdige, slekta sin frelsar, mellommann og Guds offerlam som tok bort verda si synd. Kjenner du denne Jesus? Han som seier at den som finn meg han finn livet og får nåde hjå Herren. (S. ordt. 8, 35).

Kjære deg, som les dette. Har du ikkje funne Jesus, så slå deg ikkje til ro før han har fått openberra seg for ditt hjarta, og du

fåi sjå han som din einaste redning.

Eller er du ein av dei som ein gong av hjarta kunne syngja : Salige visshet, Jesus er min, — men som nå har misst trua og synet på han? Kanske det blei så tront for deg at du valde ein lettare veg? Då vil saltet missa si kraft, og du kjenner på at du blir dømd av dei du før hadde samfunn med. Dette lid du under og kjenner deg utanfor, og du spør kvifor?

Svaret trur eg du finn i 1. Johs. 4, 18 : Otte er ikkje i kjærleiken, men den fullkomne kjærleiken driv otten ut, for otten har straffa i seg, men den som ottast er ikkje fullkommen i kjærleiken.

Det er inge nannan veg til himmel og salighet, enn gjennom gjenfödinga sin tronge port. Kva er det som gjer porten så trong for oss? Jau, det er av di den er stengd for meg og mitt. Sjølv det beste me kan foreta oss blir forkasta og sett utanfor. Det er åleine ved trua på Jesu verk og fortenesta at me kan koma inn. Jesus seier: Eg er døra (porten) ingen kjem til Faderen utan gjennom meg !

Me menneske har så hug til å vera noko, både for Gud og menneske, og det er det som gjer porten så trong og vegen så smal. *Det er frelse kun i Jesu blod alene.*

Så spør du kanskje : Held nå dette like inn i døden og æva? Då minnest eg ei gamal kona som låg på det siste. Ho hadde oppleva frelsa og strid. Om morgonen då nabokona kom inn til henne, hadde ho vendt blikket på seg sjølv, og så spør ho : Er det nok at eg overgir meg heilt til Jesus, og legg meg heilt i hans hand? Nei — svara nabokona. *Det er åleine det som Jesus har gjort for oss, som er nok for Gud !*

Ho fekk igjen sjå at ho var salig på Jesu død og blod sin rekning, og hennar liv var skjult med Kristus i Gud (Koloss. 3, 8-4). «Også i livets mørkeste stund, gjelder der oppenådens forbund.»

«Kor fagert namnet Jesus er, ja, klangen himlen til meg bær. Og glede utan ende er i frelsarnamnet Jesus.»

Rose Dyrøy.

Kvar er Jesus å finna ?

Av Amund Lid

N. R. Kringkasting har i lang tid sendt ut eit program der professor Jervel har leita etter «historiens Jesus». Resultatet synest å vera heller magert, for me synest at den Jesus me der fekk høyra om, på han passar sangaren sine ord : «For er han berre Davids son om og så stor som Salomon i visdom, makt og æra, han endå ikkje er den mann som liv den døde giva kan, og sæl ein syndar gjera.»

Det har undra meg at ein prestelærar og professor i teologi finn på å leita etter Jesus i soga, når vi har Bibelen, Guds eige ord,

å halda oss til. Soga er heilt ut menneskeverk, og er såleis like lite å lita på som menneske. Derfor blir også det ein der kan finna om Jesus, ufullstendig, upåliteleg og ofte usant. Det viser den kjennsgjerning at det Jervel fann om Jesus i soga ofte kom i direkte strid med Guds ord.

Når det gjeld menneskeleg visdom og vitenskap, så seier Guds ord om den : «Kvar er ein vismann, kvar er ein skriftlærd, kvar er ein granskar av denne verda? Hev ikkje Gud gjort visdomen i verdi til dårskap? Jau, etter di verdi i sin visdom ikkje kjende Gud

Bladet Lov og Evangelium

Utgjevarpoststad : 5400 Stord

Red. Amund Lid, tlf. 75. Norheimsund
Eksp.: M. Skumsnes, Horneland, Stord
Postgiro : 42887, Stord

Bladet blir sendt gratis til alle som sender eksp. namn og adr. Blir halde opp med friviljuge gåver

Norsk Luthersk Lekmannsmisjon :

Formann : Olav A. Dahl,
boks 95, 5401 Stord. Tlf. 69
Kass. Sverre Bøhn, Norheimsund
postgiro nr. 68213

Bankgiro : Vikøy Sparebank,
Norheimsund 3530.07.09492

S. Botnens Boktrykkeri, 5401 Stord

i Guds visdom, so var det Guds vilje ved dårskapen i denne forkynninga å frelsa *dei som trur.*» (1. Kor. 1, 20—21.)

Menneske sin visdom er stor i vår tid, og den er god om han blir bruk til det som godt er, men han duger ikkje til å leita fram og forstå åndelege ting og det som høyrer Guds rike til. For det står skrive : «Men eit naturleg menneske tek ikkje imot det som høyrrer Guds Ande til, for det er han ein dårskap, og han kan ikkje kjenna det, for det vert dømt åndeleg.» (1. Kor. 2, 13—14). Og skrifta seier vidare at Gud har skjult dette for dei vise og forstandige, og han har openberar det for dei barnslege og umyndige som tur Gud på hans ord.

Vil me finna Jesus, den Jesus som liv den døde gjeva kan og sæl ein syndar gjera, då må me venda oss til Skrifta, Bibelen - som er Guds ord til oss. Det er det einaste som fullt ut er til å lita på i denne verda. For det står skrive : «Heile Skrifta er innanda av Gud» (2. Timot. 3, 16). «Aldri er noko profetord framkome av mannevilje, men dei heilage Guds menn tala drivne av den Heilage An-

de». (2. Pet. 1, 21.)

Når professor Jervel finn av soga at Jesus ikkje kan vera fødd i Betlehem, bortforklarar at Jesus er Guds Son, at han nå sit ved Guds høgre hand osv., då kjem han i strid med Skrifta. Sjå Matt. 2, 4—5. Luk. 1, 34—36. Hebr. 7, 23—8, 2.

Og Jesus sjølv seier : «*Skrifta kan ikkje gjerast om inkje.*» (1. Johs. 10, 35).

Skrifta kan ikkje gjerast om inkje hverken av menneske, av soga eller av menneskeleg vitenskap. Den som prøver på det, han kjem i skade for å gjera Gud til ein ljugar, seier Skrifta. «Den som ikkje trur Gud, hev gjort han til ein ljugar.» (1. Johs. 5, 9—10).

Er du ein av dei som har lytta til kringkastinga sitt program om «historiens Jesus», og har kome i tvil om kven du skal tru — anten Jervel og soga eller Guds ord, då vil eg be deg tenkja over kven som er mest påliteleg. Er det menneske og deira soga og vitenskap, eller er det Gud og hans ord? Her kan kanskje eit Guds ord vera deg til hjelp : «Men vonde menneske og slike som kverver synet på folk, gjeng fram til det som er verre. Dei fører vilt og fer vilt. Men vert du standande i det som du hev lært, og som du er yvertydd om! for du veit kven du hev lært det av, og du kjenner alt frå barndommen dei Heilage Skriftene, som kan gjera deg vis til frelsa ved trui på Kristus Jesus. Heile Skriffti er innanda av Gud og gagnleg til lærdom, til yvertyding, til rettleiding, til uppseding i rettferd, so gudsmenneske kan verta fullkomme, dugleg til all god gjerning.» (2. Timot. 3, 13—17).

Soga kan også vera med å stadfesta og bevitna Skrifta si sanning. Men då må soga vera sann og påliteleg, og det er så viest ikkje alltid den menneskelege soga og vitskap. Men den soga me finn i Guds ord, den er påliteleg for den er innanda av Gud og godkjent av han. Sjå berre korleis Jesus anerkjenner skrifta og brukar den. Ikkje ein tødde eller prikk av Skrifta kan gjerast om inkje, men skal bli fullført.

Legg merke til kor ofte det står i Skrifta: «Dette hende så Skrifta skulle sannast.» Så Matt. 1, 22—23. 2, 16—18 og 23. Johs. 19, 23—24 og 28. Der vil du sjå at der blir henvis til det som er sagt og skrive i skriftene ved profetane, og viser til at det som hende svarar til det Skrifta har sagt fyreat — gjerne mange hundra år før det hende. Det kan også vera nyttig og truesstyrkande å lesa Esa. 53, og så sjå i Det nye Testamente kor bokstaveleg det blei oppfyllt på Jesus og jødefolket — og kor dei to første versa blir det også i vår tid. Skrifta sjølv vitnar om og beviser Skrifta si sanning, og viser oss kor pålitelig den er.

Skrifta er gagnleg til mykje. Me såg ovanfor at den gjer oss vis til frelsa ved trua på Jesus og er gagnleg til lærdom, overtyding, rettleiding og oppseding i rettferd. Og det er alt saman slike ting som vår tid og slekt treng sårt. Om den unge slekta som veks opp fekk den visdom, lærdom, overtyding, rettleiding og oppseding i rettferd som Skrifta gir, då vil me bli fri mykje av ungdomsproblema, kriminalitet, narkotika og andre ting som held på å veksa samfunnet over hovudet.

Men kva tener slike program som N.R.K. sender ut om «historiens Jesus» og likande til? Dei er med og riv ned trua på Guds ord, og fører mange inn i tvil på Bibelen som Guds ord, og er med på å øyda vår kristne arv. Me er inne i ein beinhard kamp om sjelene, mellom Kristus og denne verda sin fyrste. Og me som er vitne til denne kampen, set att med det inntrykk at denne verda sin fyrste har mest rom i kringkasting og fjernsyn. Med vår tid sine massemedia set han alt inn på å omforma vårt folk til eit vantru og verdseleggjort folk, til ein diktaturstat.

I eit folk som vårt, med ei grunnlov som set

opp Skrifta og den lutherske lære som grunnlag for folket sitt liv og lære, kunne me vel ha rett til å venta meir plass for Skrifta si sanne lære i riket si kringkasting?

At utvalde folk frå ulike livssynsgrupper kjem saman for å diskutera slike emne, det gjer meir skade enn nytte. Det vil i dei fleste høve berre bli ein demonstrasjon av ledaren og deltakarane sin menneskelege dugleik til å debatera. Der burde ein kristen ikkje delta, for diskusjon er eit mykje dårleg middel i Guds rike sitt arbeid. Men som kristne burde me ha rett til å koma med det krav til kringkastinga at ein Bibelsk tru teolog fekk like lang tid til å forkynna *Bibelens Kristus* som Jervel har fått til «historiens Jesus.»

Det er tala mykje om toleranse i vår tid, og rett til å tru det ein er overtydd om er rett. Men det gjeld vel også den som trur på Jesus Kristus, verda sin frelsar, det Guds lam som tok bort verda si synd, Guds Son og Menneskesonen, som gav sitt liv på krossen og stod opp til vår rettferdiggjering?

Bibelen og soga viser at ingen er så inntolerant som Jesu motstandarar, og dei som talar mest om toleranse toler minst den kristne tru og lære. Dette er også vår tid vitne om i kampen som blir ført i skule og massemedia.

Vakna du somsov, og lat Kristus lysa for deg. Han kom til eit folk som sat i myrker og dødens skoddeland, og lyste for dei. Han kom også til vårt folk ein gong, og lys over landet strøynde. I dag er vårt folk i ferd med å forlata han, og det Guds ord, som har skapt den kultur og dei gode kår me har fått leva under i snart tusen år. Som det gjekk Guds utvalde folk fordom, då dei viste frå seg Kristus, slik vil det også gå vårt kjære folk om me held fram som me stemner.

Augo mine har sett di frelse

Av G. Hjorthaug

Det er gamle Simon i templet som kjem med dette fine vitnemålet (Luk. 2). Men kvar og ein som verkeleg er frelst og er eit Guds barn kan vitna det same. For det å verta frelst er å sjå frelsa i Jesus og koma til trua på han.

Det å koma til trua på Jesus er ikkje áleiene det å bestemma seg for at ein vil tru, men ved synet på Jesus å finna trua og frelsa i Han. Det seier også Jesus sjølv i Johs. 6, 40: *Den som ser Sonen og trur på han hev evig liv.*

Slik hadde sikkert Simon sett Jesus i ord og løfte om Messias, og slik har alle freilst fått oppleva det nedgjennom alle tider. Dei fekk sjå han ved eit nytt indre syn — ei open berring ved ordet og den Heilage Ande.

Sjøiv fekk eg nåde til å gi meg over til Gud som heilt unge gut. Den første tida streva eg mykje med det å få til å vera ein kristen — vera og liva slik som ein kristen må, for å få vissa om barnekår hjå Gud. Men eg fekk det ikkje til. Eg vart ikkje onnorleis i mitt indre enn eg var før, så det heile såg vonlaust ut for meg. Men ein dag eg gjekk og nynna på ein song, lyste brått innhaldet i songen opp for meg: «*Frelser min Frelser — takk at du vandret den tornfulle sti. Frelser min frelser — straffen du bar og så skal jeg gå fri.*» Då opplevde eg for første gong det som Simon vitnar om her! Då fekk eg for første gong sjå dette tydeleg for meg: — Det var jo *din veg* Jesus gjekk, og det var *di straff* han tok på seg! Derfor skal du gå fri all straff og dom. I han er du i Guds augo rein og rettferdig nett slik som du er i dag sjølv, fordi hans rettferd vert tilrekna deg! Og oer eg gjekk etter vegen og fekk sjå Guds frelsa for meg i Jesus, der vart det skapt eit nytt liv og ei ny glede i barmen. Ennå no

etter ikking 45 år står denne hendinga klårt for meg.

På same måten hev Gud fornya trua, livet og gleda for meg dag etter dag og gong etter gong opp gjennom heile livet. Han tok frå meg alt det eg prøvde få til og finna tröst ved hjå meg sjølv, og gjorde så ordet om Jesus levande for meg på nytt og på nytt.

Kjenner du noko til dette at Jesus vert openberra for deg? Kjenner du til det — ikkje áleine som noko du opplevde for lenge sidan — men som noko du opplever dag for dag heile vegen? Det er nok mange vedkjennande kristne som er framande for dette synet på Jesus. Noken fordi dei finn trøyst ved si omvending, si kristne vedkjennung og sitt kristenliv. Andre hadde ein gong ei slik oppleveling, og stolar på den heile vegen. Du, er det slik med deg? Då er eg redd at du ikkje lever i samfunn med Jesus og slett ikkje er eit Guds barn. Det er du ikkje om du byggjer trua di på noko hjå deg sjølv, anuten det er på omvending eller oppleveling, og ikkje på Jesus áleine. Det er også ársaka til at den Heilage Ande ikkje kan koma til hjarta ditt med ordet om Jesus. Då er du heller ikkje ferdig til å fara herifrå, slik som Simon vitnar.

Men kven du så er, kjem Jesus likevel til deg gjennom ordet du les. Han kjem som den der hev ordna heile di sak inne for Gud. Han kjem for å kasta lys over ditt forhold til Gud, og for å stiga inn til deg med heile si frelsa. For han elskar deg som ingen annan gjer det.

Vil du nå sleppa han til, høyra det han talar til deg, bøygja deg for sanninga han let lysa over livet ditt? Då skal han også føra deg inn i ei levande og frelsande tru ved sitt ord! Du skal kunna vitna med Simon: *Mine*

Dette har eg tala til dykk - -

(Luk. 24, 44.)

Å for uvituge de er, — — og seinhuga til å tru ! Dette sa Jesus til dei to på vegen til Emaus. Dermed såg dei nok kor elendigst det stod til med deira tru. Ja, at dei var i tvilen og vantrua sitt mørke. Dei var seinhuga til å tru alt det som profetane hadde tala. Når dei ikkje gav rom for ordet om krossen, skyna dei eigentleg ikkje skriftene rett. Dette var om ettermiddagen første påskedag.

Om kvelden same dagen openbarte Jesus seg for apostlane og forklara ordet om krossen for dei, og sa : «Dette var det eg tala til dykk om medan eg var i lag med dykk at alt som er skrive om meg i Moselova og profetane og salmane laut sannast.» (v. 44.)

Lat oss nå sjå kor ofte Jesus tala om dette.

Eg skal ikkje seja så mykje om dette, men berre litt om de iforskjellige tider og tilhøve då Jesus talte i ord og likningar om sin smerfulle død som han ikkje kunne unngå. Skriftorda eg kjem til å sitera kan du også lesa i din eigen Bibel, og gjerne nummerera dei om du vil. Men les det ein sundag eller ein annan dag når du har god tid.

Først tek me med dei likningane der Jesus talar om si lidning, sin død, og si oppstoda :

1. Jesus reinsar templet første gongen : Johs. 2, 19 og 21 : «Riv ned dette *templet*, (rimelegvis har Jesus med handa vist at det var kroppen sin han meinte, men kanskje berre Johannes la merke til det) og eg skal reisa det opp att på tri dagar !— — det var

lekams-templet sitt han tala om».

2. I samtala med Nikodemus sa Jesus : «Liksom Moses lyfte opp *ormen* i øydemarka, såleis lyt Menneskesonen lyftast opp.» (Johs. 3, 14).

3. Dagen etter at Jesus hadde metta dei 5000 i øydemarka (Johs. 6, 51) : « — og brodet eg vil gjeva, er kjøtet mitt, som eg gjev til liv for verda».

4. «Den gode *hyrdingen* set livet til for sauene.» (Johs. 10, 11).

5. «Fell ikkje *kveitekornet* i jorda og døyr, så er det og vert det berre eit korn, men døyr det, gjev det stor grøda.» (Johs. 12, 24)

6. «Denne ætta er ei vond ætt, dei krev etter teikn, (eit merke på vantrú) men dei skal ikkje få anna teikn enn Jonas-teiknet». (Luk. 11, 29). «Liksom Jonas var tri dagar og tri netter i fiskebuken, såleis skal Menenskesonen vera tri jamdøger under jorda.» (Matt. 12, 40).

7. «Sjå der er ervingen ! Kom, lat oss slå han i hel og eigna til oss arven hans. Så tok dei han og støyte han ut or vinhaven og slo han i hel.» (Matt. 21, 38—39.)

For det andre : Jesus talar med reine og klare ord om lidninga, døden og oppstoda.

1. *Då Peter hadde kome med si gudgjevne vedkjenning* av Jesus som Messias : «Frå den tida tok Jesus til å syna læresveinane at han laut fara til Jerusalem og tola mykje vondt (kven for? For deg som les dette) av styremennene og øvstepretasne og dei skrift lærde, og at dei kom til å drepa han, men tridje dagen skulle han stå opp att.» (Matt. 16, 21). Sjå også Mark. 8, 31.

2. *På Tabor-fjellet* : «Og best det var sto det to menn og tala med han. Det var Moses og Elias. Dei synte seg i herlegdom og tala om hans bortgang, som han skulle full-

augo hev sett di frelsa, enten du er gammal eller ung. Då skal du få erfara kor rikt det er, å få vera ein fortapt syndar som har heile si frelsa i Jesus og hans verk for deg. Gud signe deg til det.

fora i Jerusalem.» (Luk. 9, 30—31. Matt. 17, 1-fg. Mark. 9, 2—fg.)

3. *Då dei gjekk ned av fjellet*, sa Jesus til dei «at dei ikkje måtte taia til nokon om det dei hadde sett, før Menneskesonen hadde stått opp frå dei døde.»

4. *Då Jesus tala til dei om Joh. døyparen*, han som var den Elias som skulle koma: «Elias er alt komen, og dei kjendest ikkje ved han, men for åt med han som dei ville, like eins kjem dei til å fara med Menneskesonen» (Matt. 17, 12).

5. *Medan dei ferdast i Gallilea*: «Menneskesonen skal gjevast over i menneskehender (der ser me då menneske-fordervet) og dei skal drepa han, men tridje dagen skal han stå opp att. Då vart dei ovleg sorgfulle.» (På ein måte trudde dei altså det Jesus sa.) Matt. 17, 22.

6. *Jesu siste reis til Jerusalem*: «Medan Jesus var på veg til Jerusalem, tok han dei tolv læresveinane til sides (også Judas) og sa: No fer me opp til Jerusalem, og Menneskesonen skal gjevast i hendene på øvste-prestane og dei skriftlærde, og dei kjem til å döma han frå livet og gjeva han over til heidningane, så dei skal spotta og hudfletta og krossfesta han, (det var altså ikkje berre jødane som spotta og krossfesta Jesus) men tridje dagen skal han stå opp att.» (Matt. 20, 18—19).

7. *Då Jesus tala om det eigentleg store i vår tenesta*: Å vera træl for dei andre truande: «Menneskesonen er ikkje heller komen for å tenast, men for å tena og gjeva livet sitt til loysepennung for mange». (Matt. 20, 28)

8. *Då Maria salva Jesus med narde-salve seks dagar før påske*: «Då ho slo denne salven ut over lekamen min, gjorde ho det for å bu meg til jordferda mi.» (Matt. 26, 12)

9. *To dagar før påske*: «Då Jesus hadde tala alle disse orda, sa han til læresveinane: De veit at om to dagar er det påske, då skal Menneskesonen gjevast i hendene på uvenne sine og verta krossfest.» (Matt. 26, 2)

10. *Då Jesus innstifta nattverden*: «Eg har

lengta så etter å eta dette påskemålet i lag med dykk, før eg skal lida, for eg seier dykk: Eg kjem aldri til å eta det meir før det har fått fullnaden sin i Guds rike. Så tok han ein kalk i handa, takka og sa: Ta dette og skift det imillom dykk! For eg seier dykk: Heretter skal eg aldri drikka av drivesafta før Guds rike er kome. Og han tok brødet, takka og braut det, og gav dei og sa: Dette er lekamen min, som vert gjeven for dykk! Gjer det til minne om meg! Like eins tok han kalken etter dei hadde ete kveldsverden, og sa: Denne kalken er den nye pakt i blodet mitt, det som renn for dykk.» (Luk. 22, 15—20). Sjå også Matt. 26,20-fg., Mark. 14, 17-fg. og 1. Kor. 11, 23-fg.

Ennå har eg ikkje nemnt alle orda Jesus tala om dette emne. Me har såleis Johs. 8, 28 der Jesus tala til dei jødane som ikkje villetru, altså til verda sine folk (dei verdslege), og sa til dei: «Når de fær lyft Menneskesonen opp i høgda, då skal de skyna at eg er den eg er, og at eg ikkje gjer noko av meg sjølv, men talar dette såleis som Far min lærde meg det.» Og vistnok ein gong tidlegare i Johs. 7, 33—34: «Endå eit lite bel ei eg hjå dykk, så går eg til Han som har sendt meg. De skal leita etter meg og ikkje finna meg, og der eg er, kan de ikkje koma.» Og noko liknande sa Jesus til dei tolv under fotvaskinga: «Berre ei lita stund er eg endå hjå dykk, borna mine. Då kjem de til å leita etter meg, og som eg sa til jødane: Dit eg går, kan ikkje de koma, så seier eg no til dykk og.» Direkte eller personleg til Peter sa Jesus: «Dit eg går, kan ikkje du fylgja meg no, men du skal fylgja meg sidan» (vers 36).

At Jesus peikar ut Judas, svikaren, under fotvaskinga (Johs. 13) er også ei forutseining av si lidning og nødvendig for dei andre apostlane (vers 19), og Jesus viser i vers 18 at også det er ei oppfylling av skriftene.

Jesus gjer ikkje det før han sterkt og alvorleg (v. 21) fleire gonger har åtvara Judas (v. 10, 18 og 21). Då han såleis blei utpeika

Herren skal gi sitt folk kraft

(Salme 29, 11) Av Ole Rolfsnes.

I vår tid er kraftspørsmålet en av de største saker, både materielt og åndelig. Når det gjelder det materielle, da blir forbruket større og større fra år til år, og der blir nedlagt et stort arbeide for å tilfredsstille behovet. Og det er blitt til et av samfunnets største goder.

Men også når det gjelder det åndelige om ráde, så er der mange store arbeider i gang. Men her ser det ut for at kraften blir mindre fra år til år. Det klages i alle fall over alt, over for lite kraft i arbeidet.

Så her er det nok mange som ber med salmisten: «Vi sukker dag og natt. Kom, gi oss samme lys og kraft som fedrene har hatt.»

Når det minker på åndelig kraft i vårt arbeide, da kan ikke årsaken være at det minker på kraft hos Gud. For i Salme 84,8 står det at de skal gå frem fra kraft til kraft. Og mange andre steder i Bibelen tilbyr Gud oss kraft, og sier at den Hellige Ånd skal gi oss

for Satan i han. Då er det Jesus seier til han: «Gjør det snart, det du vil gjera!» (v.27)

Det var altså ikke ovstestrestane med det høge rádet som avgjorde «timen», men den fastsette tida var avgjordt i det evige rádet. (1. Kor. 5, 7).

Det får vera nok denne gongen å slutta av med eit mrkeleg utsagn av Jesus om sin død: «Difor er det Far min elskar meg, fordi eg set livet mitt til! så eg kan ta det att. Ingen tek det frå meg, eg set det til av meg sjølv. Eg har makt (fullmakt, autoritet) til å setja det til, og eg har makt (allmakt) til å ta det att. Det bodet fekk eg av Far min.» (Johs. 10, 17—18).

Andreas A. Bø.

kraft. Og Jesus sier at når vi som er onde vet å gi våre barn gode gaver, hvor meget mer vil ikke vår himmelske Fader gi den Hellige Ånd til dem som ber ham om det.

Hva hindrer Åndelig kraft?

Først vil jeg da forsøke å vise noen av de ting som kan avskjere oss fra kraftkilden. En forkynner og en som bringer frem et vitnesbyrd, kan jeg likne med en transformator som formidler kraften til den enkelte tilhører. Og der da er en liten ting som avleder kraften fra en enkelt tilhører, så vil den da likevel nå til de andre. Men er der derimot en feil ved transformatoren eller forkynneren, da blir ingen tilført kraft.

Disse ting var Paulus oppmerksom på, da han i 1. Kor. 2, 4 skriver: Min tale og min forkynnelse var ikke med visdoms overtalende ord, men med Ånds og krafts bevis.

Her ligger sikkert en av årsaken til at der er så liten kraft i vår forkynnelse. Her er så megen forkynnelse, som kan være rett og riktig fremstilt, men den er bare visdoms tale, og dermed avkoblet fra kraftkilden. Tenk om alle forkynnere var like oppmerksomme på dette som Paulus var det?

Et spørsmål til kan være på sin plass her. Er du fornøyet med din tale når den er rett etter Luthers lære, uten å undersøke om den er båret frem ved Ånds og krafts bevis? Om du ikke selv er oppmerksom på dette, så vil enkelte av tilhørerne merke det.

En annen ting er at det kan være synd i ditt liv, som du ikke erkjenner og lever i lyset fra Gud med. Den vil hindre åndskraften. En erfaring fra livet kan gjøre det klart. For mange år siden kom en forkynner til oss, som jeg ikke kjente, men hadde hørt meget god omtale om. Første møte ble jeg skuffet,

og slik gikk det på det andre møte med, men jeg trodde det var min feil. Så ville han reise hjem noen dager. Da han kom tilbake var han en helt ny mann.

En kveld spurte han meg om jeg var fornøyet med de første møtene hans, og jeg måtte si at det var jeg ikke, uten at jeg kunne forstå årsaken. Han fortalte da at han kom i konflikt med sin kone før han reiste hjemmefra, uten at det ble oppgjort. Når han så kom ut og merket at Ånden ikke var i hans vitnesbyrd, da måtte han reise hjem for å gjøre opp med sin kone, for han forsto at der lå årsaken.

Denne samtalen har vært meg til mye hjelp senere i livet. Og tar vi Guds ord for oss vil vi finne mye lærdom på dette område.

I Dom. bok 16, 16-fg. står det at Samsons kone plaget han hver dag, inntil han ble utsatt for synd og sa de ord som ble årsak til at han mistet sin kraft. Om David står det at han mistet sin kraft for sine missgjerningers skyld. (Salme 31, 11). I Josva kap. 7 ser vi at Akan tok av det banlyste gods, derved mistet Israels menighet kraften til å innta byen Oi. Dette viser at om en i menigheten lever i uoppkjørt synd, kan det ta kraften bort fra hele menigheten. Gud er i går og idag den samme, og blir det til evig tid.

Hvorledes kan vi få Guds kraft?

I vår tid forsøker man med eksperimentsgudstjenester og forandringer av den kirkeelige liturgi, for om mulig derved å oppnå mer klarhet og Åndskraft for å nå folket. Men få forsøker å peke på ting i menigheten som kan avlede åndskraften. Her tror jeg de gamle var mere våkne, derfor var det også mere åndskraft over deres forkynnelse. Sammenblanding av lov og evangelium er en avleder, og likeså et lovisk liv og vitnesbyrd. En annen årsak kan være at de åndelige ting er bare lært ved hjelp av forstanden, uten at det har ført til erfaring i livet og åndelig gjen-

fødsel. Mange andre ting kunne også nevnes, men det får være med disse.

Men kraften kan bare komme der feilen blir reparert. Ser vi på David og Josva i de ord som er sitert ovenfor, da ser vi at de fikk feilen reparert og dermed ny kraft fra Gud.

Gud er den eneste som kan finne feilen og reparere den, og det gjør han ved *den Hellige Ånd og Guds ord*. Guds ord er Ånd og liv og kraft. Evangeliet er en Guds kraft til frlse, for hver den som tror det og gjør etter det. Om bare folk ville bruke Guds ord, trc det og gjøre etter det, da ville det snart bli en stor forandring for den enkelte og menigheten. Men i vår tid er det så mange andre ting som fortrenger Guds ord og inntar hjertene. De gamle forsøkte ikke å nære sin sjel med Guds ord, og av den grunn ble de kalt lesere — og det med rette. Stå opp og et, elles blir veien deg for lang, sa engelen ti! profeten. Hjerte misser sin kraft fordi du har glemt å ete ditt brød (Salme 102, 5).

De hellige sitt samfunn, lönkammeret og nadverden er steder der Gud møter oss og gir ny kraft. Lat Guds ord bo rikelig iblant eder!

Til slutt vil jeg nevne noe Hope sa på et arbeidermøte, der det var en lang samtale om det å få Guds kraft. Jeg vil her forsøke å bruke hans egne ord: Jeg hører at dere trenger kraft. Da får dere gjøre som gamle-karene gjorde. Før de gikk til møte fant de seg et stille sted, der de med sin Bibel falt sammen for Guds ansikt. Derfra gikk de så på talerstolen. Og får dere samme kraft som gamle-karene, da skulle dere være fornøyd.

Guds ord sier at vi har ikke fordi vi ikke ber, eller fordi vi ber ille, for å øde det i våre lyster. Det sier videre, bed så skal dere få, for hver den som ber, han får. Når dere som er onde vet å gi eders barn gode gaver når de ber om det, hvor meget mere vil da ikke eders himmelske Fader gi den Hellige Ånd til dem som ber om det.

For mange er kalla, men få utvalde

(Matt. 22, 14) Av Amund Lid

Dette ordet om dei utvalde, det har vore og er eit vanskeleg ord for mange menneske — kanskje også for deg?

Den tanken at nokon er utvalde framom andre menneske, det synest mange er urettferdig av Gud, og dei reiser seg i protest og harme.

Andre forstår ordet slik at nokon er utvalde eller bestemte til å gå fortapt og andre til å bli frelst. Slike tankar fører mange inn i frykt og fortvilelse over at dei kan vera ein av dei som Gud har bestemt til å gå fortapt.

Her, som når det gjeld alle andre spørsmål, er det berre Guds ord som kan gi oss lys og klårleik.

Dei utvalde.

Skrifta talar mykje om dei utvalde, og her vil me ta med nokre Guds ord. «Kven vil klaga *Guds utvalde*, Gud er den som rettferriggjer, kven er den som fordømer, Kristus er den som har døydt, ja, meir enn det, som og har stade opp att, som og er ved Guds høgre hand, som og bed for oss». (Rom. 8,33)

«Men de er ei utvald ætt, eit kongeleg presteskap, eit heilagt folk, eit folk til eigedom så de skal forkynna hans dyder som kalla dykk ut or myrkret til hans underfulle ljos, de som ikkje før var eit folk, men nå er Guds folk, de som ikkje hadde funne miskunn men nå har fått miskunn». (1. Pet. 2, 9—10).

Desse orda skulle vera nok, for den som trur Gud på hans ord, til å overbevisa om at der er eit folk som Gud kallar dei utvalde. — Guds heilage folk, Du kan nok tvila, protestera eller rasa over det, men Guds ord står likevel ved lag. Jesus seier at det kan ingen gjera om inkje.

Kven høyrer så til dei utvalde?

Er det slik å forstå at Gud har bestemt no-

ken til frelse og andre til fortaping? Skrifta seier nei! for den fortel at Gud vil ikkje at noken skal gå fortapt. «For dette er godt og tekeleg for Gud, vår Frelsar, Han som vil at alle menneske skal verta frelste, og koma til å kjenna sanningi». (1. Tim. 2, 3—4). «Men han er langmodig med dykk, av di han ikkje vil at noken skal verta fortapt, men at alle skal koma til omvending.» (2. Pet. 3, 9)

Og i ordet som overskrifta viser til, der ser me at tenarane får bod om å gå ut på vegar og vegskil og *be alle dei finn*, og det står at dei ba alle dei fann, både vonde og gode.

Her ser du Guds tanke og vilje med alle — også med deg. Så om noken går fortapt, har dei sjølve skulda, for Gud tenkte og forkynnte det ikkje slik.

Korleis har så Gud utvaldt oss?

Det ser me av Efes. 1, 4: «Liksom han valde oss ut i Kristus før verda var grunnlagt så me skulle vera heilage og ulastande for hans åsyn».

Før verda var grunnlagt bestemte Gud at han ville senda Jesus til verda for å frelsa slekta. Det har Gud gjort, det er fullført, det har han forkjnt og forkynner også i vår tid. «Det segjer eg dykk for visst og sant: Den som høyrer mitt ord og trur den som sende meg, han hev æveleg liv, og kjem ikkje for domen, men hev gjenge yver frå døden til livet.» (Johs. 5, 24).

Så var det Guds vilje ved dårskapen i denne forkynninga å *frelsa dei som trur*.

«Den som trur på Sonen, hev æveleg liv» (Johs. 3, 36), og dei er dei som Gud har utvalt til evig liv.

Men dei som ikkje vil tru på Sonen (Jesus) og ordet frå Gud som sende han, dei er frå æva utvald til å gå fortapt. «Den som

ikkje vil tru på Sonen, får ikkje sjå livet, men Guds vreide blir verande over han». (Johs. 3, 36).

Av desse orda frå Gud ser du at trua på Jesus, stoda du tek til han og Guds ord om han, det avgjer om du hører til dei utvalde eller du blir verande mellom dei vantru og fortapte. Sæle er dei som ikkje styggest ved meg, seier Jesus.

For mange er kalla.

Gud kallar mange gonger og på mange måtar, og han kallar alle frå ungdom og til alder grå. «Gud Herren, den allmektige, talar og kallar på jorda frå solekoma til soleglad». (Salme 50, 1). Gud sende ut sine tennar profetane, sin eigen Son (Hebr. 1, 1-fg.) og sine mange vitner sidan for å kalla oss inn til den frelsa han har gjort ferdig for oss. Endå i vår tid sender Gud ut sine vitne med kallet, til oss som lever i nådetida sin ellevte time. Kan du inne for Guds åsyn ein dag seja at du aldri møtte og høyrd Guds kall?

Lat ikkje Guds kall gå deg forbi! Skrifta seier at du må kalla på Herren den stund han er nær, og be til han den tid han er å finna. Gjer du ikkje det, så lyt du gjennom all æva lida og trega på at du ikkje høyrd på Moses og profetane. Les Luk. 16, 19—31.

Men få utvalde.

Kvífor er få utvalde, når så mange er kalla? Guds ord seier beint ut at dei ville ikkje (Matt. 22,3). Og det same sa Jesus då han sto og såg ut over Jerusalem og gret over folket som ikkje kjende si nådetid: «Kor ofte ville eg ikkje samla dykk, som høna samla kjkulingane under vengjene, men de ville ikkje! Du er vel ikkje ein av dei?

Om andre står det at *dei brydde seg ikkje om det*. Dei var så opptekne med åkeren, krambua, oksen (eller bilen), ektemaken eller heimen, eller andre av verda sine mange

ting, at dei *hadde ikkje tid*. Du får ha meg unnskyldt.

For deg er verda og dei ting som hører verda til kjærare og har større plass i hjarta enn Jesus og frelsa i han. Dei jordiske skattane er meire verde for deg enn skatten i himmelen. Årsaka til det er at satan har blinda ditt vantru sinn, så du vurderar og ser feil på kva som har mest verd for deg. Sjå Matt. 6, 19—24 og 2. Kor. 4, 3—4.

Nokre fylgte kallet og kom inn i bryllaupsstova — den kristne forsamlinga på jorda. Men dei er ikkje ikledd bryllaupskledningen. Dei møter i sine eigne klær, og ordet fortel at dei blir kasta ut, utanfor i myrkret der dei græt og skjer tenner. Ordet i overskrifta her talar berre om ein, men Skrifta elles fortel at dei er mange. Me kan berre nemna dei fem därlege møyane (Matt. 25), den heimeverande sonen i Luk. 15 (som her er eit bilet på farisearane og dei skriftlærde, sjå vers 1-2), og sendebreva til Laodikea og Efeserne osv.

Den som ikkje er fødd på nytt, fødd av Anden, han kan ikkje sjå Guds rike eller koma inn i det, seier Jesus til Nikodemus. (Johs. 3)

Korleis kan eg bli ein av dei utvalde?

Ved å høyra på Guds röst og hans kall, Andens tale til menigheten. «For so vil Far min at kvar den som ser Sonen og trur på han, skal ha æveleg liv, og at eg skal vekkja han opp at på den siste dag» (Johs. 6, 40). Ved å fylgja Guds kall til Jesus, til Guds ord og evangelium, som er det einaste som kan frelsa deg og gjenfø deg til nytt liv.

Den bortkomne sonen i Luk. 15 gjekk dei utvalde sin veg og blei ein av dei. Han blei vakt opp i si synd og sin forkomne tilstand av Gud og møtte Guds kall, sto opp og søkte Gud slik han var. Gud møtte han mens han endå var langt borte, slo armane om han og kysste han midt i hans forkomne tilstand slik som han kom rett frå svinebingen, for Gud elskar syndarar og Jesus kom for å frei-

sa fortapte syndarar. Han blei ikledd den beste kledningen, som ligg ferdig og ventar også deg, fekk ring på fingeren, og fekk stiga inn i Jesu sine sko. Han blei oppteken store nåde. Går du same vegen, kan du vera viss på å bli med dei utvalde.

Høyrer du til Adams ætt, då må du la deg frelsa ut av den rangsnudde og fortapte ætta og inn i Guds utvalde ætt — Jesu Kristi ætt !

SUMARSKULANE OG ÅRSMØTE

1970

N. L. Lekmannsmisjon bed inn til fylgjande sumarskular sumaren 1970 :

1. *Namdalens skytterhuset på Spillum, i tida 25.—28. juni* : Talarar blir Ole Brandal og Amund Lid, med sang av søstrene Gravset.

Program : Torsdag 25. juni : Kl. 17.00 bibeltime ved Lid : Guds visdom. Kl. 20.00 kveldsmøte ved Brandal.

Fredag 26. juni : Kl. 11.00 bibeltime ved Lid : Rettferdig for Gud. Kl. 16.00 : bibeltime ved Brandal. Kl. 20 : kveldsmøte ved Lid.

Lørdag 27. juni : kl. 10 : Bibeltime ved Lid Helliggjørelse. Kl. 11.30 : Bibeltime ved Brandal. Kl. 16 : bibeltime ved Lid : Utloysing. Kl. 20 : kveldsmøte ved Brandal.
Søndag 28. juni : Kl. 10.00 bibeltime ved Lid. Kl. 11.30 bibeltime ved Brandal.

Kl. 15.00 avslutningsfest med tale av Lid og Brandal.

Send innmelding innan 10. juni til Harald Fæø, 7822 Bangsund, tlf. Namsos 87211. Prisen for opphaldet blir kr. 50,00, familie-moderasjon. Ta med Bibel og Sangboken. Velkommen til Namsos frå sør og nord.

2. *Norheimsund i tida 2.—26. juli* : Årsmøte blir lagt til denne sumarskulen. Leiarar : Sverre Bøhn og Amund Lid. Talarar : Brandal, Dyrøy, Hjorthaug og Nygård.

Program :

Onsdag 22. juli : kl. 19.00 samling. Kl. 20 : velkomstmøte ved leiarane.

Torsdag 23. juli : kl. 10.30 årsmøte, form. leier. Kl. 17.00 bibeltime ved Brandal.

Kl. 20.00 : kveldsmøte ved Hjorthaug.

Fredag 24. juli : kl. 10.30 bibeltime ved Nygård. Kl. 17.00 bibeltime ved Dyrøy.

Kl. 20.00 : kveldsmøte ved Brandal. Offer.

Lørdag 25. juli : kl. 10.30 bibeltime ved Hjorthaug. Kl. 17.00 bibeltime ved Nygård. Kl. 20.00 kveldsmøte ved Dyrøy.

Søndag 26. juli : kl. 11.00 møte ved Brandal. Offer. Kl. 15.00 avslutningsmøte ved Nygård.

Send innmelding innan 10. juli til Sverre Bøhn, 5600 Norheimsund, tlf. 197. Prisen for opphaldet blir kr. 85,00, under 15 år kr. 55,00. Teltplass kr. 20,00. Unge og eldre er hjarteleg velkomne til Norheimsund.

3. *Bremnes, i tida 5.—9. august* : Talarar blir Ole Brandal, Amund Lid og Godtfred Nygård.

Program :

Onsdag 5. august : Kl. 19.00 samling. Kl. 20.00 velkomstmøte ved Nygård.

Torsdag 6. august : Kl. 9.30 Bibeltime ved Brandal. Kl. 17.30 bibeltime ved Lid.

Kl. 20.00 kveldsmøte i teltet ved Brandal.

Fredag 7. august : kl. 10.30 bibeltime ved Lid. Kl. 17.30 : bibeltime ved Brandal.

Kl. 20.00 à kveldsmøte i teltet ved Nygård. Offer.

Lørdag 8. august : Kl. 10.30 bibeltime ved Lid. Kl. 17.00 bibeltime ved Brandal.

Kl. 20.00 kveldsmøte i teltet ved Lid.

Søndag 9. august : Kl. 11.00 møte ved Brandal. Offer. Kl. 15.00 avslutningsmøte for sumarskulen ved Lid og Nygård.

Kl. 20.00 kveldsmøte ved Brandal og Lid i teltet.

Teltmøta held fram frå tirsdag 11. august til og med søndag 16. august med Brandal og Lid som talarar. Møte kvar kveld kl. 20.00.

Send innmelding innan 26. august til Leif Ø. Meland, 5431 Mælandsvågen. Tlf. Bremnes 275. Prisen for opphaldet blir kr. 90,00, under 15 år kr. 60,00. Teltplass kr. 20,00.

Velkommen til sumarskulen og teltmøtene på Bremnes.

Styret.